

Referat FAU-møte 24.02.2016

Tilstades: Monica (rektor) Bodil Kaland 2.kl, Elin Gaulen 1.kl, Ann Christin Kaland 7.kl, Charlotte Grimstad 5.kl, Erlend Vakt skjold 3.kl, Trygve Kvalvåg 6.kl og Kristine Lunde 4.kl.

01/16 Orientering frå SU og SMU. Handlingsplan mot mobbing

Det er halde konstituerande møter for SU og SMU 04.02.16. Bodil Kaland er leiar i SU og Kristine Lunde er leiar i SMU.

Vi såg på utkast til handlingsplan mot mobbing. Vi kom med forslag om kva som skal stå i punktet: «Som foreldre/føresette vil vi...». Monica noterte, sjå revidert plan.

02/16 Vedtekter for FAU

Vi reviderte vedtektene frå Skodvin skule 31.01.2013. Dei nye vedtektene vart vedtatt.

03/16 Korleis kan vi auka deltaking og engasjement frå heile foreldregruppaa.

Det kom forslag om:

Sosialkveld for foreldra, gjerne i forbindelse med temakveld.

Å involvera foreldra i «Handlingsplan mot mobbing», og kva ønskjer vi foreldre skal stå i den. Dette gjer vi ved å leggja våre forslag ut på Facebook-gruppa til skulen.

Få fleire til å delta på «klippekvelder» og anna type dugnad. Det er sosialt og du blir kjent med andre foreldre. Invitere enkeltpersonar spesielt.

Rektor foreslår foreldrestyrt dag. Lærarane treng ein til planleggingsdag. Det kom eit forslag om å kombinera denne dagen med fjelltur på Skausneia. Ein tur som «gamle» Skodvin skule har gått kvar vår dei siste åra. Då møter dei Myking skule på toppen. Her kan ei gruppe foreldre ta ansvar for elevane på turen. Skulen og FAU-leiar organiserer og informerer.

04/16 Its learning.

No har alle elevane og foreldra fått konto på It`s learning. Passord til foreldrebrukara kjem. Det vil ta tid før bruken av It`s learning er innarbeida hjå lærarar, og vi har alle foreldra med som aktive brukara.

05/16 Sommarfest – saken er utsatt til neste FAU-møte 18.mai og SMU 12.mai.

Forslag om eit karneval som blir sommaravslutning . Dette kan vera samme dag som vi skriv under vennsplanen/plan mot mobbing. Karneval blir eit samarbeid med FAU, SMU og elevrådet. Dette blir i starten av juni.

06/16 FAU på heimesida til skulen.

FAU er no inne med informasjon på skulen si heimeside. Her er det oppdatert og flott, med nyttig informasjon. Her blir også referata frå FAU-møta lagt ut.

06/16 Oppfølging av andre saker frå tidlegare møte

- a. **Vennebenk** – Trygve har noko på gang.
- b. **Parkering** – Erlend. Ingen nyheter i denne saken. Skulen må fortsatt bruke ein del personale på å følgje elevane til dei ulike skyssa.
- c. **Leikehytte** – Bent Arne Rognaldsen tar ansvar for å få i gang dette i løpet av våren. Det er tenkt at ein skal byggja ei hytte i lag med elevane, delvis på dagtid.
- d. **Skyss** – Skulen tar opp i elevrådet dette med buss.
- e. **Dugnad for vennskap** – FAU oppfordrar klassekontaktane i alle gruppene til å ha eit sosialt arrangement for kvar gruppe. 5.-7.har hatt «ball» i februar og det var vellykka. 1.klassingane hadde spelekveld. Elles var det nokre arrangement i haust. Vi ønskjer eit arrangement kvart semester.
- f. **Økonomistatus etter julefest** - overskott på 3290,-
Evaluering: 121 betalande vaksne/ungdom, 50kr. Innkjøp: til dette antall mennesker passa det med ca. 6 kg mandariner, 3 bokser pepperkaker, 4 poser kaffi, 4 flasker saft av 2 liter. Det var nok kaker, 4. og 6.kl bakte ei kvar (ca 20stk). I tillegg hadde skulen bakt risbollar, det var alt for mykje i tillegg til kaker frå foreldre. Positive tilbakemeldinger på vår nye måte å arrangere julefesten på.
- g. Temakveld for foreldre – Montessori-temakveld? Ein fredag kveld med pub etterpå? Her vedtok vi ingenting.

Skodvin 24.2.2016

Skrivar Kristine Lunde